

HANDBALLGRUPPA

Årsmøte for meldingsåret 2003 vart halden 18.februar 2004 i klubbhuset og styret i handballgruppa fekk denne samansetjing etter årsmøte:

Leiar:	Tony Lillefosse
Nestleiar / økonomiansvarleg:	Atle Bøe
Kasserar:	Jarle Rønnestad
Skrivar:	Eli Hole
Styremedlemer:	Kari Hestnes, Oddvar Kleppe, Kjell Gjøstein og Anders Eriksen

Som medlemmer i valnemda vart Marianne Gjøstein, Mona Skrolsvik og Amund Bleikli vald.

Styret konstituerte seg straks etter årsmøte den 18.02 og i løpet av meldingsåret har me hatt 4 styremøter og handsama 20 saker. Leia har møtt på hovudstyremøtene og er som gruppeleiar medlem av hovedstyret. Sportsleg leiar og leiar har delteke på sonemøte i regi av NHF Region Vest. I tillegg har sportsleg leiar delteke på helgeseminar også dette i regi av NHF Region Vest. Leiar har delteke på 2 møter saman med sportsnemda.

Handballgruppa hadde ved årskifte ca. 95 betalande medlemer. Me har opplevd ei markant auke i medlemsmassen spesielt i dei yngre årsklasser. Det fører igjen til store parti av born på trening i dei yngre gruppene.

Me hadde 6 lag påmeldt i serien. Etter HaFo turneringa 2004 med ca. 300 deltakande skuleborn frå 3-7 klasse merka me ei auke av born på treningane våre denne våren. På bakgrunn av det vart det meldt på 2 G13 i serien. Men dessverre fall ein del av desse frå slik at me måtte trekke eit G13 lag frå serien og me enda opp med eit G14 lag. Me har hatt fleire jenter og gutar med på SUM samlingar i regi av NHF Region Vest. Dette ser styret positivt på og vil satse på spelarutvikling i tida frametter i samarbeid med sportsnemda. Det er og fire trenarar i gruppa som i år har avslutta trenar 1 utdanninga si.

På styremøte 12.05 vart det bestemt at me skulle melde på damelag i bedriftsserien. Det vart opplyst at påmeldingsfristen vart til hausten og at me då kunne avventa påmeldinga til oppstart etter sumarferien for å sjå kor mange som møtte opp og som ville satsa vidare. Saka vart teken oppatt på møte 01. september, men det synt seg då at påmeldingsfristen var om våren samstundes som lag til serien vart meldt på. Me klarte ikkje å få meldt på lag til tross for at me retta spørsmålet til NHF Region Vest om dette og eventuelt at me kunne stå på venteliste i tilfelle nokon trekte seg. Damene har til tross for dette trent truen heile hausten.

Sprtsnemda har gjort og gjer ein formidabel jobb. Nemda avlasta styret og tar seg av fordeling av treningstider, organiserer trening, borettkampar og ikkje minst kontakten med NHF Region Vest kva vedkjem det sportslege, søknader om dispensasjonar, lisenser, omberamming av kampar m.m.

Når det gjeld kampavvikling i Osterøy Hallen har dette stort sett gått på skinner. Den har vore godt organisert av ansvarlege styremedlemer, innkalte foreldre har stilt opp slik at kampavviklingar har gått greitt. Me får mykje positive tilbakemeldingar frå gjestelaga og ikkje minst frå foreldre / besteforeldre som møter opp for å sjå på kampane. Me merka og ein auke i tilskodartala som igjen fører til eit betra økonomisk resultat på billettintekter / sal. For å få dette til har og NHF Region est vore delaktig med å imøtekomma vårt ynskje om å få avvikla flest mogeleg heimekampar på same kampdag.

Økonomisk har det vore ein del uforutsette utgifter, tildømes pålagde gebyr for trekte lag, gebyr for ikkje å ha dommar, underskot på handballotteriet, påløpne leigeutgifter til Osterøy Hallen for ubenyttta leigetid, manglande innbetaling av sponsorinntekter. Alt dette har ført til mykje arbeid for økonomiansvarleg for å retta opp budsjettet og for å få inn nye sponsormidlar.

Me avslutta arbeidet i sumar med å montera og merkja handballbaner på 5 skular på Osterøy. Fotlandsvåg, Hjellvik, Valsetrand, Hauge og Haus har alla fått montert handballmål, fått tildelt ballar slik at handballen no kan utviklast ute i krinsane. Kan det vera aktuelt med lokale treningar?

Atle Bøe har gjort ein uomtvisteleg dugnadsinnsats som har organisert og utført dette arbeidet nestan åleine.

Me har og fortsatt merke ein auka tilvekst i handballgruppa i tida som kjem. Det vil føre til store utfordringar for styret og sportsnemda for at me skal klare på ein best mogeleg måte å leggje forholda til rette for eksisterande og nye medlemer.

Betra kommunikasjon mellom styret / sportsnemda må bli vektlagd for å betra forståelsen for kvarandres arbeid samt betre utnytting av dei menneskelege kunnskap / resursar som desse innehar.

På årsmøte til Osterøy IL fekk Atle Bøe heidersteikn for sin innsats for handballgruppa. Dette vart utdelt på ein av heimekampane våren 2004 då han sjølv ikkje var tilstades på årsmøte til OIL.

Leiar vil på vegne av styret få takka alle som har tatt del i oppgåver i handballgruppa i året som har gått. Ein spesiell takk til sportsleg leiar, trenarar, hjelpetrenarar som stiller opp på treningar, kampar og bruker mykje av fritida i regi av handballgruppa. Takk til alle

30.01.05 / Tony Lillefosse / Leiar